SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Elisabeth Aune
E-post: Elisabeth.Aune@sfj.no
Tlf.: 41530695

Vår ref.
Sak nr.: 16/7805-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
37890/16

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 09.11.2016

Det Kongelige Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep.

0032 OSLO

Høyring - Forslag til endring i havressursloven og til ny forskrift om turistfiskeverksemder

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev følgjande fråsegn:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positiv til at det vert innført ei obligatorisk registrering av turistverksemder som driv turistfiske, og at det vert pliktig å rapportere inn fangst.

2. Utførslekvoten av fisk og fiskevarer frå sportsfiske bør ikkje aukast frå 15 til 30 kilo før ein får tilstrekkeleg dokumentasjon på at det er forsvarleg å auke denne kvoten, ut i frå økologiske omsyn.

Bakgrunn
Nærings- og fiskeridepartementet har sendt på høyring forslag om lovendring av havressurslova § 22 om sports- og rekreasjonsfiske, samt tilhøyrande forslag til forskrift om turistfiskeverksemder. Frist for høyringssvar er 9. november 2016.

I dag er det desse reglane som gjeld:

- Utanlandske statsborgarar som ikkje er busett i Noreg har tilgang til å drive sports- og rekreasjonsfiske i Noreg regulert ved reiskapsavgrensing, dvs. at det berre er lov å bruke handhelden reiskap til å fiske. Samtidig er det anledning å ta med seg 15 kg fisk, i tillegg til ein troféfisk (uavhengig av vekt) ut av landet. Det er ikkje lov å omsette fangsten.

- Yrkesfiskarar kan også ta med turistar ut for å fiske innanfor sine ordinære kvoter. I slike tilfelle kan turisten ta med fisk ut over avgrensinga på 15 kg, dersom dette kan dokumenterast i form av ein sluttsetel.

- Sports- og rekreasjonsfiske som norske statsborgarar eller utanlandske statsborgarar busett i Noreg driv på fritida er også regulert av reiskapsavgrensingar, men det er tillate å bruke fleire reiskap i tillegg til handhalde reiskap som t.d. maskindriven juksa eller dorg, garn mm. Her kan også fangsten omsettast, med ei øvre grense på inntil 50 000 kroner.

Ei arbeidsgruppe som la fram rapporten «Turistfiske i sjø – Vurdering av mulige forvaltningstiltak overfor næringsvirksomheter basert på turistfiske i sjø» (27. juni 2011), vurderte følgjande tiltak:
1. Registrering av turistverksemder.
2. Rapportering av fangst, pålegg om at fangst skal rapporterast av turistfiskeverksemdene.

3. Registrering av båtar, fartøyregister kor det går fram om fartøyet skal nyttast til utleige.
4. Variabel utførslekvote dersom registrerordning for turistfiskeverksemder vert innført.
5. Avgrensing av kor mange gonger den einskilde turist kan utføre fangst. Arbeidsgruppa foreslår å endre perioden fra den gjeldende ordninga med 24 timar til en periode på 7 dager (er ikke teke inn i departementet sitt forslag, men spørsmålet vert stilt ope for høyringsinstansane si vurdering).
6. Avgrensing i adgang til å drive turistfiskeanlegg, der gruppa foreslår at ein situasjonsrapport om ressursgrunnlaget vert utarbeidd ved nyetableringar.
7. Innføring av avgifter: gruppa foreslår ingen innføring av avgifter verken for turistar eller verksemder.
8. Ytterligare reiskap- og utstyrsavgrensingar: gruppa føreslår ei nærare avklaring av kva som er definert som handreiskap.
9. Forbod mot turistfiske frå utanlandske fartøy.

Denne rapporten har vore på høyring, og det er på bakgrunn av denne rapporten og høyringsinnspela til denne, at departementet no fremmar endring i havressurslova, og ny forskrift om turistverksemder.

Vurderingar
Det finst ikkje gode anslag på kor stor del av det samla uttaket av fiskeressursane som kan relaterast til reiselivsbedrifter, og regjeringa har registrert ein aukande etterspurnad frå næringa sjølv, og andre aktørar, om at det er naudsynt med ei form for regulering.

Med bakgrunn i dette er det føreslått ei rekke endringar i lova. Nærings- og kulturavdelinga i fylkeskommunen tek i denne høyringa utgangspunkt i to endringar:

1. Det vert foreslått å innføre ei registreringsplikt for turistfiskeverksemder og ei plikt til å rapportere fangst. I dag er denne avgrensa til å kunne påleggast eit utval av personar som driv sports- og rekreasjonsfiske å gje opplysingar om hausting for statistikkføremål. Havressurslova vert endra til å kunne stille krav om registrering av turistfiskeverksemder.

Det har vore ein stor vekst i reiselivsbedrifter som legg til rette for turistfiske langs kysten dei siste 15-20 åra. Denne aktiviteten bidrar til auka aktivitet og sysselsetting i lokalsamfunn, samstundes som presset på fiskeressursane aukar. I motsetnad til yrkesfiske er turistfiske i sjø regulert relativt liberalt og vi ser og at rekreasjonsfiske i sjø og rekreasjonsfiske i ferskvatn er regulert ulikt. For rekreasjonsfiske i sjø finst det i dag få reguleringar, medan privat eigendomsrett påverkar rekreasjonsfiske i ferskvatn.

Departementet presiserer at forskriftsendringa skal omfatte bedrifter som driv næringsverksemd basert på turistfiske i sjø, dvs. verksemder som legg til rette for turistfiske ved at dei disponerer fartøy for utleige/utlån og på andre måtar tilbyr til dømes utlån av fiskeutstyr, fasilitetar for sløying, oppbevaring av fangst og liknande.

Privatpersonar som leiger ut ein båt og/eller ei hytte blir derfor ikkje omfatta av den føreslåtte registreringsplikta, heller ikkje dei som driv utleige av fartøy som openbart ikkje er eigna til å fiske med som til dømes kano og kajakk. Det er lagt til grunn at forskriftsendringa ikkje skal påføre næringa unødvendige kostnader.

2. Det vert vidare foreslått ei forskriftsendring som inneber at dei turistane som kan vise til at dei har fanga fisken i regi av ein registrert turistfiskeverksemd, får auka utførselskvoten frå 15 kg til 30 kg.

Departementet føreset at rapportering av fangsten blir gjort ved hjelp av elektroniske hjelpemiddel, og at anonymiteten til både bedriftene og turistane vert teke i vare.

Fiskeridirektoratet vil vere mottakar av fangstrapportane, og er i tillegg føreslått som myndigheit til å fastsette utfyllande avgjersler rundt rapporteringa.

Eit registreringsregime for turistfiskeverksemder vil bidra til betre kunnskap om uttaket av fiskeressursane i kystnære farvatn, og vil såleis hjelpe både i forvaltinga og forsking på lokale fiskebestandar langs kysten. På sikt kan ein dermed forhindre lokal overbeskatting av fiskebestandar som til dømes kysttorsken, som vi veit utgjer ein stor del av fangsten til turistane.

Norge er truleg unik når det kjem til ordninga med turistkvote for fisk i verdssamanheng. I mange land må turistar betale for «opplevingar» som til dømes fiske, og det er også svært sjeldan at dei får ta med fangsten heim igjen etterpå (catch and release vert praktisert). I Norge er det derimot tillate å føre ut av landet 15 kilo fisk eller fiskevarer per person, inkludert bearbeida produkt, slik som fiskefilét, innanfor ein periode på 24 timar. Omrekningsfaktoren frå heil fisk til filèt er ca. 2,5-3, dvs. at det i realiteten er langt meir enn 15 kilo det er snakk om. I tillegg veit vi at smugling av fisk over grensa er eit utbredt fenomen, som ikkje vil verte betre med innføring av ei slik ordning. Ein har i dag for dårleg kunnskap om dei kystnære fiskeressursane, og Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller seg slik skeptisk til at det er rett til å auke denne kvota før vi har meir kunnskap på plass.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass fylkesdirektør for næring og kultur

Lena Søderholm
fagkoordinator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift